

Bakteriebusiness

Produktet kan redde liv. Og dersom dei når fram, er marknaden nesten utan ende.

NJORD V. SVENDSEN
JOAKIM S. ENGER (foto)

ØVIND KOMMEDAL (33), Bjarte Karlsen (33) og Øystein Friestad Sæbø (38) rugar på eit gullegg. Greier dei å halde det varmt, kan resultatet bli internasjonalt kommersiell suksess.

– No er vi på eit nivå der vi har eit robust produkt, seier Karlsen som saman med Friestad Sæbø har trappa ned til 80 prosent i databedrifta dei jobbar i for å få gründerelskapet iSentio flygedyktig.

Produktet er på plass, patentsøknaden er levert. No må kapitalen lokkast fram.

– **VI HAR LAGD** ei programvare som dramatisk betrår identifikasjonen av bakteriar, forklarar Sæbø. I over hundre år har metoden for å diagnostisere infeksjonssjukdomar i prinsippet vore den same: ta prøver, dyrke fram bakteriane og finne ut kva type som plagar pasienten. Denne prosessen tek i dag mellom to og sju dagar



MEDISIN MED DET SAME: Øvind Kommedal, Bjarte Karlsen og Øystein Friestad Sæbø vil kommersialisere eit verktøy for å identifisere bakteriar raskt.

før legane veit kva slags antibiotika dei skal hente ut av skapet.

Dei tre unge mennene har funne ein metode som gjer at bakterien kan identifiserast i løpet av fem til sju timar. Metoden kan dermed spare tid og store utgifter for sjukehusa. Og redde liv.

– Vår teknolgi byggjer på sekvenseringsteknologien som gjer det mogleg å lese bakterien sitt DNA direkte frå ei pasientprøve

utan å dyrke han først. I dag er dette berre mogleg dersom prøva inneheld berre ein bakterietype. Det er dette problemet vi har løyst. Med vår metode kan vi lese bakterie-DNA frå prøver som inneheld fleire ulike bakteriar, forklarar Kommedal.

DEI TRE HAR LÆRT at det ikkje finst nokon snarveg til suksess. Fritidsaktivitetar har blitt nedprioritert.

– Når ungen er lagt er

det å sette seg ved pc-en og jobbe, seier Karlsen.

Utan gode råd og støtte frå profesjonelle hjelparar, hadde iSentio neppe eksistert.

– Særleg Bergen Teknologioverføring (BTO) har vore avgjerande for oss.

Lærekurva er bratt. Sjølvtilitten har svinga.

– Det var som eit stort fjell vi ikkje visste korleis vi skulle kome over, seier Karlsen. No ser dei toppen.